

Lillian (21) vart Årets lærling

6

NYHENDE

Laurdag 12. desember 2020

SOGN AVIS

Lillian (21) vart Årets lærling

VIK: - Eg er overvelda, denne tittelen heng høgt.

KAI MARTIN BREKKE
kmb@sognavis.no

Det seier Lillian Nummedal Bryn frå Vik som onsdag fekk beviset på at ho er kåra til Årets lærling i Vest.

Møtt med applaus

I ei pressemelding frå Entreprenørforeningen Bygg-Anlegg, Vestenfeldske avd. går det fram at Lillian, som jobbar på HS Bygg i Stryn, delte sigeren i tømrarklassen med Filip Turkerud frå Engelsen Bygg i Sveio. Vikjamenta set stor pris på sigeren.

- Under ein teknisk jentedag i Florø, der eg stod på stand for Byggopp tidlegare i haust, fekk eg beskjed om at dei ønskte meg som kandidat og at det skulle avgjerast i november. Etterpå har eg ikkje høyrnt noko, så då eg onsdag vart kalla inn til eit møte i Stryn hadde eg ingen aning om at det var Årets lærling som skulle feirast. Då eg kom inn døra vart eg møtt med applaus og kakebord, seier vinnaren.

Blei rørt

I grunngevinga frå bedrifta vert det trekt fram at ho som lærling har vist stor interesse og engasjement for tømrarfaget og at ho har vist at ho er motivert for og taklar varierte arbeidsoppgåver på ein god måte.



GRUNN TIL Å SMILA: Lillian Nummedal Bryn har all grunn til å smila breitt. Onsdag fekk ho beviset på at ho er kåra til Årets lærling i Vest innan tømrarfaget.

Då ho fekk diplom og premie trekte Knut Løvdal Stauri, dagleg leiar i HS Bygg, også fram at Årets lærling med sitt gode humør og vinnande vesen har vorte ein kulturbyggjar i verk-

senda. Og at ho er ein framifrå ambassadør for bygg og anlegg, ikkje minst i høve til jenter som tenkjer på ei slik karriere.
- Eg vart heilt rørt, seier Lillian.

Motivasjon

Ho legg ikkje skjul på at det å bli kåra til Årets lærling betyr mykje.

- Eg er veldig stolt. Dette er ein skikkeleg inspirasjon og

motivasjon til å halda fram med godt arbeid, og bidra med gode haldningar, seier Lillian Nummedal Bryn, og takkar HS Bygg for at dei gjer sitt yttarste for at ho skal nå måla sine.

25 år sidan sist - Endre tilbake i kommunestyret

LEIKANGER: - Det er moro og eg tykkjer det er stort å få møta, seier Endre Gjerde (76), som denne veka entra den lokalpolitiske scenen på nytt.

BJØRN SØLSNÆS
bjorn@sognavis.no

Det er ganske nøyaktig 25 år sidan sist. Endre Gjerde har 20 års fartstid i Leikanger kommunestyre, frå 1975 til 1995, ti av desse åra som varaordførar.

Ved valet i fjor haust kom han inn som 18. vara for Senterpartiets 16 representantar i Sogn-dal kommunestyre, og denne veka lukta den gamle sirkushesten sagnmugg.

Tok det på sparket

Dagen før møtet seier Endre Gjerde dette til Sogn Avis:

- Eg vart oppringd av Marit Silje Husabø i kommunen, som spurde om eg kunne møta i

kommunestyret torsdag kl. 11. «Er det sant?» sa eg. «Jå», sa ho. Så spurde ho korleis ho skulle senda meg saksdokumenta, og då sa eg at det ikkje er naudsynt og at eg får ta det på sparket og fylgja partiet.

Håpar på julebord

Han tykkjer 900 sider sakspapir er i meste laget å setja seg inn i over natta. Innkallinga skuldast nemleg forfall på kort varsel.

- Det var vanleg før at halve kommunestyret opna konvo-lutten med sakspapira då møtet starta, minnest Endre, og legg til:

- Eg har alltid sett meg godt inn i sakene på førehand, men det slepp eg denne venda.

- Kjem du til å ta ordet?

- Det kjem an på om noko engasjerer meg, men det er eigentleg nok av dei som står og gnålar i kommunestyret.

Endre legg ikkje skjul på at han gler seg, sjølv om mykje



COMEBACK KID: - Eg har sagt det før, at viss eg skal møta som 18. varamann, må det koma ei ny asiastykke, humrar Endre Gjerde

FOTO: BJØRN SØLSNÆS

nok har endra seg sidan sist han var aktiv i kommunepolitikken.
- Møtet varer visst heile da-



ANDRE TIDER: Mykje har endra seg sidan sist Endre Gjerde var aktiv på den politiske scenen.

FOTO: ARKIV

gen, og eg har høyrnt at me skal vera ferdige i åttetida, seier han, og legg til: - Då er eg øye

spent på om det blir julebord...